

Tore Håland
Solevegen 104
5943 Austrheim

Dispensasjon frå byggjegrænse - ny bustad - fv 5502 - gnr 140 bnr 24 - Austrheim kommune

Vestland fylkeskommune syner til søknad motteke 6.9.2020.



Vedtak:

Med heimel i veglova § 29 og § 30 gir Vestland fylkeskommune dispensasjon frå byggjegrænse mot fv. 5502 på gnr. 140 bnr. 24 i Austrheim kommune.

Vilkår for dispensasjon:

Vestland fylkeskommune har etter ei samla vurdering funne å kunne gje dispensasjon frå byggjegrænse på følgjande vilkår:

1. Løyve gjeld i høve til føremålet som kjem fram av søknaden.
2. Ny bustad skal plasserast slik det kjem fram av revidert situasjonsplan, sjå nedanfor til høgre. Minste avstand til vegmidte er revidert til 25m. I situasjonsplan frå søkar er det under 20m frå næraste punkt på bustaden og frem til vegmidte, sjå bilete til venstre. Dette kan vi ikkje akseptere ut ifrå framtidig behov for utviding eller vedlikehald langs fv. 5502. Ny bustad må difor trekkjast lengre bakom. Søkar skriv at ein avstand på 30m frå vegmidte vil skape konflikt med nabo. Ein byggeavstand på 25m vil etter vårt syn ikkje kunne skape konflikt knytt til naboeigedomen.



3. Dispensasjonen fell bort dersom ikkje tiltaket ikkje er starta innan tre - 3 - år frå dags dato.

4. Det er ikkje grunnlag for krav mot Vestland fylkeskommune på grunn av skade eller ulempe som følgje av at bustad ligg innanfor byggjegrensa, med mindre det kan påvisast aktløyse frå Vestland fylkeskommune si side.
5. Dersom tiltaket oppførast i strid med vilkåra i denne dispensasjonen kan tiltaket krevjast fjerna med heimel i veglova si § 36 utan kostnader for Vestland fylkeskommune.
6. Det er eit vilkår for dispensasjonen at det eventuelt er gjeve naudsynt godkjenning frå kommunen.

Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve til veglova, og ikkje rettar ovanfor eventuelle andre grunneigarar.

Bakgrunn for vedtaket:

Byggjegrensa skal ivareta omsynet til trafikkskygging, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved utviding av vegen og miljøet langs vegen.

Fartsgrensa på staden er 50 km/t og årsdøgntrafikk (ÅDT) er 650. Vegen er klassifisert til Haldningsklasse mindre streng jf. «*Rammeplan for avkøyrslar og byggjegrenser på riks- og fylkesvegar i Region vest (2013 - 2016)*». Dette vil mellom anna seie at vegen har funksjon som ein viktig lokalveg.

Rett til å klage:

Dette vedtaket er eit enkeltvedtak og kan klagast på jamfør forvaltningslova §§ 28 - 36. Klagefrist er tre - 3 - veker frå vedtaket er motteke. Ei eventuell klage skal sendast til Vestland fylkeskommune som sender over saka til klageinstansen.

Med helsing

Hege Lotveit
Leiar

Sara Nordahl
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift



Avsender: Vestland fylkeskommune
Agnes Mowinckels gate 5
5008 BERGEN
NORWAY



139252-109-17

Tore Håland
Solevegen 104
5943 Austrheim
Norway

Dispensasjon frå byggjegrænse - ny bustad - fv 5502 - gnr 140 bnr 24 - Austrheim kommune

Vestland fylkeskommune har starta med å sende ut post digitalt, i tråd med regjeringa sitt digitaliseringsprogram.

Posten vi sender til deg blir sendt til meldingsboksen din i Altinn, og til Digipost eller eBoks når du vel digital postkasse.

Dokument som ikkje er opna i Altinn innan to verkedagar blir sendt på papir i posten.

Digitalt førsteval er raskare, tryggare og sparar miljøet!

Med helsing
Vestland fylkeskommune

